



Arvid Langøy  
Træet 26  
5986 HOSTELAND

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 19/421 - 21/10059

Saksbehandlar:  
Thomas Skår  
thomas.skar@masfjorden.kommune.no

Dato:  
09.12.2021

## Pålegg om fjerning av husbåt og ileygging av tvangsmulkt

**Administrativt vedtak. Saknr: 143/2021**

**Tiltakshavar: Arvid Langøy**

**Heimelshavar: Arvid Landøy**

**Heimel:** Plan- og bygningslova §§ 32-3 og 32-5

Krav om at forhold som er i strid med bestemmelser gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova vert retta.

**VEDTAK:**

**Masfjorden kommune viser til plan- og bygningslova § 32-3 første ledd, jf. § 20-1 første ledd og gjev pålegg om fjerning av ulovleg oppført husbåt.**

**Frist for å etterkome pålegget vert sett til 01.04.2022.**

**I medhald av plan- og bygningslova § 32-5 vert det ilagt dagsmulkt på kroner 1000,- som begynner å forfalle frå overnemnde tidspunkt dersom pålegg ikkje vert etterkome.**

Viser til varsel om pålegg og ileygging av tvangsmulkt av 08.04.2021. Frist for retting var satt til 01.09.2021. Det er ikkje motteke tilbakemelding/dokumentasjon som viser at husbåt er fjerna.

### **Historikk**

Kommunen sendt ut brev 14.06.2019 med førespurnad om utgreiing av mogleg ulovleg tilhøve etter at kommunen vart kjend med at det var oppført ein bygning i sjø ved gbnr 14/10. Kommunen mottok utgreiing om tiltaket journalført 19.06.2019 der det kjem fram at bygget gjeld husbåt under oppføring.

Det vart avtalt at tiltaket skulle bli søkt om og 08.10.2019 vart søknad sendt inn av Abo Plan og Arkitektur AS på vegne av tiltakshavar. Masfjorden kommune avslo søknad om dispensasjon for oppføring av husbåt i

administrativt vedtak saknr 171/2019 datert 28.11.2019. Dette vedtaket vart påklaga der formannskapet i kommunen tok klage til følgje og godkjente søknaden. Fylkesmannen i Vestland klaga på formannskapet sitt vedtak, og tiltakshavar trakk deretter søknad om dispensasjon for oppføring av husbåt i epost sendt til kommunen 15.06.2020.

Førehandsvarsel om pålegg om å fjerne husbåt og førehandsvarsel om ileyding av tvangsmulkt vart sendt ut 08.04.2021 med frist på 3 veker for tiltakshavar til å uttale seg før eit pålegg eventuelt vart fatta. I førehandsvarselet vart det varsle at kommunen vil vurdere å fatte vedtak om pålegg om fjerning av husbåt og vurdere å fatte vedtak om tvangsmulkt dersom husbåt ikkje vart fjerna innan 01.09.2021.

Tiltakshavar har uttalt seg til førehandsvarselet i brev datert 12.04.2021, der han meiner at han bygger sin eigen båt/fritidsfartøy og at tiltaket ikkje kjem inn under plan- og bygningslova sine bestemmelsar. Kommunen er ikkje samnd i denne vurderinga og meiner at husbåt kjem inn under byggjesaksbestemmelsane i plan- og bygningslova. Plan- og bygningslovas anvending på husbåtar er drøfta i tolkingsutalar, klagesaker, rundskriv samt i rettspraksis. Det vert vist til forarbeida til gjeldande plan- og bygningslova der fylgjande er utalt: «Begrepene i bokstav a skal forstås vidt. Tiltak som tilbygg til campingvogn «spikertelt» og husbåter, fartøyer som fortøyes og brukes til overnatting/restaurant med videre, vil falle inn under bokstav a, alternativt bokstav j, avhengig av hvor permanent eller midlertidig de er forankret» Det er også presissert i byggjesaksforskrifta § 1-5 at husbåt vert omfatta av byggjesaksbestemmelsane.

### **Pålegg**

Med heimel i plan- og bygningslova § 32-3 første ledd, jf § 20-1 første ledd, vert det herved gjeve pålegg om fjerning av ulovleg oppført husbåt.

### **Frist**

Frist for å etterkome pålegg vert sett til 01.04.2022.

### **Vedtak om tvangsmulkt**

Med heimel i plan- og bygningslova § 32-5 vert det fastsatt tvangsmulkt/dagsmulkt på kr 1000,- per dag. Dersom pålegg ikkje er etterkome innan overnemnde frist vil tvangsmulkt forfalle. Forfalt tvangsmulkt vil bli innkrevd utan ytterlegare varsel.

Ber om at kommunen vert underetta når pålegget er etterkome. Saka vil bli avslutta så snart kommunen har motteke dokumentasjon på at pålegg er etterkome.

### **Varsel om forelegg**

Det varslast også om at kommunen i tillegg til tvangsmulkt kan utsteda førelegg etter plan- og bygningslova § 32-6. Eit slikt forelegg vil kunne få same rettsverknad som ein rettskraftig dom og verte fullbyrda etter reglane for dommer.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen

er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært.

### **Gebyr**

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
12.1.2	Vedtak med pålegg om retting eller stans	1	6300,-
	Totalt gebyr å betala		6300,-

### **Klage**

Gebyr for teknisk forvaltingsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 19/421.

Med helsing

Roald Kvingedal  
teknisk sjef

Thomas Skår  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

### **Mottakarar:**

Arvid Langøy

Træet 26

5986

HOSTELAND